

Forskar seier brotet i jordbruksoppgjeret vil gange bøndene og Sp i 2013

Dag Jørund Lønning seier regjeringa må levere i neste jordbruksoppgjer, noko han trur dei også vil gjere.



Sindre Haugen Mehl
sindre.mehl@nationen.no

Publisert: 18.05.2012 13:42

Forskar og rektor ved Høgskulen for Landbruk og Bygdeutvikling (HLB), Dag Jørund Lønning, seier brotet i jordbruksoppgjeret i år vil gagne bøndene og Senterpartiet på sikt.

Les også: Betre tollvern kan bli redninga for pressa regjering

- Eg trur det er altfor enkelt å seie at brotet i jordbruksoppgjeret er spikeren i kista for den raudgrøne regjeringa, seier Lønning ifølgje ei pressemelding.

Lønning seier brotet i år er ein posisjonskamp for oppgjeret neste år.

Se lesernes bilder fra bondeaksjonene.

- Då er det stortingsval, og Senterpartiet må levere. Det trur eg dei vil gjere også, seier han.

Mätte kome i år

Han seier eit brot måtte kome i år, sidan landbruksmeldinga tek til orde for auka matproduksjon utan å tydeleggjere korleis auken skulle kome.

- For Sp og den raudgrøne regjeringa var det nok viktig at brotet kom i år. Folk hugsar stadig kortare.

Det har me mange døme på. Eit vellukka landbruksoppgjer, med mange nøgde bønder i 2013, vil ha langt meir å seie for det raudgrøne prosjektet ved valet enn eit brot i 2012, seier Lønning.

Han trur det kan kome noko godt ut av brotet for både Sp og bøndene.

- I denne saka er nok Sp i røynda på parti med bøndene. Sp tapte kanskje den interne budsjettkampen i år, men bondeopprøret gir dei gode argument til å bla opp neste år. For bøndene handlar det om å ta grasrota på alvor, samstundes som ein slett ikkje ønskjer landbrukspolitikken Høgre og Frp vil føre etter ein eventuell valsiger i 2013, seier han.

Alt å tape på brot i 2013

Lønning seier bøndene, Senterpartiet og dei raudgrøne har alt å tape på eit brot i 2013 og at det ligg i korta at det vil ligge meir på forhandlingsbordet neste år.

- Ved å seie frå seg nokre hundre millionar i år, kan bøndene truleg ta inn langt meir neste år. Ved å framstå som tapar i oppgjeret i 2012, kan Sp kome sterkt attende som vinnar i 2013, som er eit langt viktigare politisk år, seier Lønning.



Dag Jørund Lønning, rektor ved Høgskulen for Landbruk og Bygdeutvikling, trur årets brot i jordbruksforhandlingane kan gagne Sp og bøndene på sikt.